

OPPDRAGBESKRIVELSE – KONSULENTTJENESTER KNYTTET TIL GIS- PROSJEKTET

1. INNLEDNING

Geodatasamarbeidet i Nord-Gudbrandsdal går over i ordinær drift, og det vart oppretta eit 3-årig engasjement som GIS-konsulent for å styrkje optimal bruk av systema. Stillinga vart ikkje besett, og dette oppdraget går ut på å utføre nokre av dei oppgåvene som var tiltenkt stillinga.

Hovudfokus vil vere samspill med dei kommunale planleggjarane om forvaltning av digitale reguleringsplanar i WinMap Pro og etablering av digital plandialog i Nord-Gudbrandsdal. Oppdraget vil krevje nært samarbeid med øvrig GIS-personell i Nord-Gudbrandsdal.

2. Krav til leverandøren

Leverandøren skal dedisere ein namngitt ressurs som skal være hovudansvarleg og kontaktperson for planleggjarar og øvrig GIS-personell i kommunane. Vidare kan leverandøren oppgi ein namngitt ressurs som kan opptre på vegne av hovudkontakt ved ferieavvikling, sjukdom etc. Alt personell som er tilknytt prosjektet skal god generell IT-kompetanse og høg kompetanse på WinMap Pro, WebMAP og elles høg GIS-fagleg kompetanse.

Leverandøren kan ikkje skifte ut nøkkelpersonell for oppdraget utan at dette er godkjend av Oppdragsgjevar på førehand. Dersom prosjektets hovudansvarleg slutter i firmaet eller av andre årsakar ikkje lenger er tilgjengeleg for Oppdragsgjevar, og Leverandøren ikkje kan tilby en ny ressurs med tilsvarende kompetanse og erfaring, har Oppdragsgjevar rett til å seie opp avtalen.

3. Pris og fakturering

Tenestene faktureras pr. time for utførde tenester. Reisetid godgjerast ikkje, og skal være inkludert i normal timepris. Overtidsarbeid skal avtalast på førehand.

Diett og reisekostnader dekkjast etter statens satsar. Dersom det er behov for overnatting skal dette avtalast med Oppdragsgivar på førehand.

Alle fakturerbare timar og aktivitetar skal dokumenterast i fakturavedlegg som fyljer faktura.

4. Oppgåver

- Generell brukarstøtte på basisfunksjonar i WinMap Pro (ca. 30 brukarar i 6 kommunar)
- Generell brukarstøtte på WebMAP
- Generell brukarstøtte på WinMAP Pro for planleggarar
- Opplæring i aktuell programvare
- Vere rettleiar i bruk av GIS i samfunnssikkerheit og beredskap
- Generelt vedlikehald av GIS-data